
Saksnr: 2020/45365-4
Saksbehandlar: Bente Utne

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		12.01.2021
Fylkesutvalet		19.01.2021

Nasjonal rassikringsgruppe – uttale til foreslåtte vedtekter frå 2020**Forslag til innstilling**

1. Vestland fylkeskommune gir sin tilslutnad til dei foreslåtte vedtektene for Nasjonal rassikringsgruppe.

Samandrag

Nasjonal rassikringsgruppe har den 19.11.2020 sendt ut forslag til vedtekter frå 2020, og ber medlemsfylka om tilslutning til desse.

Fylkesrådmannen vil rå til at Vestland fylkeskommune sluttar seg til forslaget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Johanne Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Nasjonal rassikringsgruppe har etter regionreforma sju medlemsfylke, kvar med sin politisk oppnemnde representant. Mandatet til Nasjonal rassikringsgruppe er å setja rassikring på den politiske dagsorden, og auka midlane til rassikringstiltak.

Følgjande fylke er medlemmer pr 2020; Troms og Finnmark, Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Vestland, Rogaland og Innlandet.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse innan området.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Medlemskapet i Nasjonal rassikringsgruppe kostar kr 58.000 kr i 2020. Om arbeidet til Nasjonal rassikringsgruppe resulterer i auka løyvingar til rassikring til riks- og fylkesveggar, vil dette resultera i fleire sikringstiltak til vegane i Vestland.

Klima:

Vedtektene har ingen verknad for klimaet.

Folkehelse:

Vedtektene har ingen verknad for folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Vedtektene har ingen verknad for utviklingsplanen.

Nasjonal rassikringsgruppe har den 19.11.2020 sendt epost til medlemsfylka, der det går fram følgjande:

«Nasjonal rassikringsgruppes formål er å få utarbeidet og vedtatt en Nasjonal skredsikringsplan for sikring av alle skredpunkt med skredfaktor høy eller middels i løpet av neste 12-årige NTP-periode.

Det argumenteres for dette ovenfor bevilgende myndigheter gjennom deltakelse i høringer i Stortingets Transport- og kommunikasjonskomite, dialogmøter med statsråd og departement og skriftlige uttalelser blant annet i etterkant av budsjettframlegg, samt deltakelse i NTP prosessen. I tillegg prøver vi å tilegne oss informasjon fra relevante fagetater og gjør befaringer rundt omkring i medlemsfylkene for å gjøre oss kjent med aktuelle problemstillinger knyttet til rassikring av veg.

Nasjonal rassikringsgruppe har utarbeidet og vedtatt følgende forslag til vedtekter fra 2020, og ber om tilslutning fra medlemsfylkene til dette».

Vedtektene går fram av vedlegg 1. Under «om formålet» går det vidare fram at rassikringsgruppa ikkje skal prioritera rassikringstiltak, men kan bruka eksempel for å synleggjera skredproblematikken.

Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner at vedtektene er fornuftige, og vil rå til at Vestland fylkeskommune sluttar seg til forslaget til vedtekter.